

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 85

Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Agdenes

Emne: TRADISJONAR; TRU OG
SEGNER KRING JÅGER OG JAKTDYR.

Bygdela g:

Oppskr. av: Arne Elven

Gard: Elva

(adresse): Fenes

G.nr. 44

Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

- 1) Det har alltid vore tala om ikkje å drepa "edelt", fredelegt, vilt, som ein ikkje hadde bruk for, men unge skyttarar eller jaktfolk har havt vondt for å halda seg etter den regel.
- 2) Straf for brott på denne regel har det ikkje vore tale om.
- 3) Sundagsjakt har ikkje vore dreve.
- 4) Skamskotte dyr måtte etter-fylgjast og drepast snarast muleg.
- 5) Serlege tryggingsråder med skottvåpen var det vel ikkje anna enn den vanlege): å ta ut patronen for tilhald inni hus eller på veg til jaktmarkja. - Den tid det var munnladingsbørse, måtte skottet vera i, dei tok av fanghetta og hengte børsa på 2 spikarar slege i ein bjelke under loftet. Men det hendte her eingong, at dei gløymde ta av feng- tendhetta. I ein nattleg julesjau datt børsa ned, og skottet gjekk av.
- 6) Varsel? Nei.
- 7) Skyttaren ingen serrett til visse dele av dyret.
- 8) Har ikkje høyrd om forbod mot å eta visse partar av dyret.
- 9) Det er ikkje kjendt at det vart skore den hårlause nasen av bjønnen.
- 10) At dei nytta greidsla av binna til trolldom? - Nei.
- 11) Avskore bjønnealabba - Ikkje brukt til noko.
- 12) Ulvetenner til noko? - Nei.
- 13) Det er ikkje fortald noko om, at bjønnen kunde vera godsleg og hjelpsam her.
- 14) Til vern mot udyr vart det mest skrik og skrål, utan tanke på om det gagna, eller å kaste stein eller halvrotne treklumpar.
(For vel eit hundrad år sea - kring 1850-60 - var det på ein avsides markagard her ei kona, som gjätte krøtera - sauer og geiter - inni markja. Den tid hadde dei det dei kalla "tein" å spinne på, og ho hadde tein og hamp- eller lindokke (hamp eller lin bunde på enden på ein kjepp) med, så ho spann stundom, medan ho gjätte. Denne kona heitte Ellen, ho var lita av vekst og gjekk da med barn. Så kom det mot henne ein bjønn, han gjekk på to og med gapande kjeft

- s så stakk ho hampdokka inn i kjeften og ned i halsen på bjønne, han fekk ikkje denne ballen opp og ut att men kvevdest ihjel. Kona fekk ingen skade eller mein av kampen. Ho livde til bort imot 1890, men var da blind på det eine auge etter ein skadehending. Det var på garden Fossdal).
- 15) Å ta inn noko til vern mot rovdyr har vi ikkje visst.
 - 16) Å få overtak på dyret med å sjå det først, nei, den trua er ikkje kjendt.
 - 17) Å verne krøtter mot rovdyr med å ha i dei "medisin" tillaga av rovdyr er ei råd, som er aldeles ukjendt.
 - 18) Medisin av orm laga serleg for buskapen har det ikkje vore tala om. Men når orm var nærgåande innåt husa - enten for folk eller fe - og ein fekk fatt i ormen og slog han ihjel, så skulde ormen brennast til aske, og denne aska skulde ein strø som etter ei rand eller stripe rundt huset eller staden ein vilde halda ormen borte frå, Om det da kom orm seinare, så skulde han ikkje greie skrida over denne stripa. (Ein mann her, fødd 1850, visste om denne råda. Han strødde aska av ein brendt orm rundt huset. Om han "trudde" på denne råda var vel ikkje så sikkert, men han gjorde dette likevel for å vera heilt trygg.)
 - 19) Stengsler av taug mot ulven (vargen) ? Nei.
 - 20) Å gjera noko i juletda til vern for husdyr mot rovdyr komande år ? Nei.
 - 21) Febønner ? Ikkje kjendt.
 - 22) Råder mot udyr frå "svartebøker" - Nei.
 - 23) Ingen kunde stemme bjønn.
 - 24) . . .
 - 25) Konsten å skjemma bort børsa kunde ingen her.
 - 26)
 - 27) Ein kunde få børsa god att, når ein fekk vekk bly, som kunde ha lagt seg fast inni laupet.
 - 28) Kuler av sylv eller anna rart metal, har ikkje vore laga, og det er heller ingen forteljingar om det.
 - 29) Den siste bjønn vi veit om her vart skote i Moldtusmarkja i 1880-åra. Vi høyrde ikkje om at han gjorde serleg stor skade heller, men han var likevel ingen god granne. - Inni Hemne (gamalnorsk: Hefne) heldt ein "same" (finn) til med nokre reinsdyr. Han het Jonas, og kona Soffi. Dei var kalla Finn-Jonas og Finn-Soffi. Dei var vel helst det vi vil kalle fatigslege folk. Om sommaran' tok dei turar ikring og kom da også hit åt Agdenes. Dei hadde hund og børse og kom i kast med bjønne i Moldtusmarkja og skaut han. Men så kom det for dagen, at det var ein bjønn til, og han vilde tak 'n Jonas, som da hadde tom børse (munnladn.) Hunden var avsides og bunden hos a Soffi, men han Jonas ropa, at ho måtte sleppa hunden. Så kom han og heldt bjønne i sving, medan Jonas lada og fekk skote også denne bjønne. Etter dette fekk Jonas seg ny børse, ei Remington rifle. Men sea har det ikkje vore bjønn her i Agdenes.
 Andre store rovdyr veit eg ikkje av har vore her sea.
 - 30) Serleg rovdyr på luge var det ikkje under siste verdenskrig ~~var det ikkje~~. - Nyt innsig av rovdyr no er minken, - som er kalla villmink, men ætta frå "minkfarman". Det er verste rovdyr vi har. Han fer i sjø, vatn og på land, tek auren i vatna, fisk i sjøen, fuggel og egg, lam og høner inne i fjøs. Han rydder ut ea-fuggel, skarv og teiste, alke og ender, ja, alt.

16377